



SUND KOMMUNE

Sund ungdomsskule

Referat Fau-møte 20.02.19

Dok. ref.:	16/3765-5/N - 022.3/SFB	Møtedato/ Tid:	20.02.19 Kl. 18.15
Stad:	Sund ungdomsskule	Møtenr.:	
Referent:	Sølvi Fjeld Bjørøy		
Tilstades:	Ellen Kvebæk 8a Jeanette Lundekvam 8 b Anja Nilsson 8d Anette Hansen Kausland 9d Hilde Kristiansen 10 b Kenneth Kausland 10 c Mona Evensen 10d		
Forfall:	Representantar frå: 8c, 9a, 9b, 9c og 10a		

SAKSLISTE

Saksnr.	Tema	Ansvarleg
	<p>Informasjon frå Samarbeidsutvalet</p> <p><u>Rektor informerer:</u> Budsjett 2019 og rekneskap 2018 Vi har hatt god økonomistyring og svært lågt sjukefråvære. Dette fører til god økonomi. Vi kan rekne med same nivå på budsjettet i 2019 som i 2018.</p> <p><u>Elevtalsutvikling:</u> Vi har ei jamn årleg auke i elevar. Til hausten vil vi passere 300 elevar. I 2014 var vi 242. Slik det ser ut no, vil vi passere 350 elevar i 2022. Skulen er bygd for så mange elevar, men det vil gje oss mindre spelerom når det gjeld deling av klassar og fleksibel bruk av rom. Det vil også bli press på spesialrom som t.d. musikkrom, formingssal, mat og helse, Strandahallen og naturfag.</p> <p><u>Sak frå elevrådet:</u> Elevane ønskjer seg meir utstyr ute. Det kan vere alt frå store prosjekt som ballbinge på skulen til mindre utstyr. Dei ønskjer hjelp frå foreldra både til å søke pengar og ha dugnad.</p>	

	<p>Foreldra er positive, men ønskjer ei prioritert liste frå elevrådet. Ballbinge og tilsvarande prosjekt, krev mykje pengar og stor innsats frå dei som skal gjennomføre eit slikt prosjekt.</p> <p>Konklusjon:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Elevrådet kjem tilbake med ei liste der dei har prioriterte ønsker - Foreldra tar dette tilbake til klassane for å høyre kva som er mogleg - Rektor sjekkar om det er ballbingar i kommunal eige som skal flyttast eller ikkje er i bruk 	
	<p>Neste møte: 27.mai klokka 18.00.</p> <p>Saker til møte vert:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Sommarball - Vitnemålsutdeling - Eventuelt. Meld saker til Kenneth Kausland. <p>Det vert eventuelt eit møte før dette, der vi tek opp tilbakemelding frå elevrådet.</p>	